

KVIKNES HOTEL

DAGSTURAR MED BIL ELLER MC



168 km – Fjord og fjell

613 Balestrand – Gaularfjellet – Viksdalen – 610-Sande - E39-Vadheim – 55-Høyanger – Balestrand



Den kortaste turen, men som på ingen måte går på bekostning av fantastisk natur! Dei første 84 km er nasjonal turistveg. Du startar turen med å køre rundt Esefjorden med høge fjell tett på. Etter ein halv time startar klatringa opp Gaularfjellet til Utsikten på toppen der du sjølv sagt må stoppe. Eit kvarter seinare stoppar du ved Likholefossen der du kan gå over den buldrande fossen. Meir spektakulær natur frå fjell ned til Viksdalsvatnet og til Sande. Gjennom Ytredalen til Vadheim har du høge fjell på begge sider. Frå Vadheim til Balestrand kører du langs Sognefjorden. Kan anbefale ein stopp i industristadene Høyanger.

KVIKNES HOTEL

DAGSTURAR MED BIL ELLER MC

221 km – langs Sognefjorden

55 Balestrand – Nordeide – ferje til Ortnevik – 8-Oppedal – ferje til Lavik – E39-Vadheim – 55-Balestrand




Dette er ein rundtur langs Sognefjorden. Det er ca 50 minutt til Nordeide kai der du tek ferja over til Ortnevik på sørsida av Sognefjorden. Denne går ikkje så ofte, så hugs å sjekke rutetidene! Dette er ei lita ferje, så tinging av plass på førehand på tlf 415 36 317 er tilrådd. Vegen dei 56 km (ca 1 time køyring) frå Ortnevik til Oppedal er smal og har fantastisk utsikt over Sognefjorden heile vegen. Du skal no igjen over på nordsida av Sognefjorden tilbake til Balestrand. Kan anbefale ein stopp i industristaden Høyanger før turen fortset til Balestrand.

ELLER:

253 km – Fjord og fjell

55 Balestrand – Nordeide – ferje til Ortnevik – 8-Oppedal – ferje til Lavik – E39-Vadheim – Sande – 610-Viksdalen – 613-Gularfjellet – Balestrand



Denne turen startar med 50 minutt køyring til Nordeide kai der du tek ferja over til Ortnevik på sørsida av Sognefjorden. Denne går ikkje så ofte, så hugs å sjekke rutetidene! Dette er ei lita ferje, så


KVIKNES HOTEL

DAGSTURAR MED BIL ELLER MC

tinging av plass på førehand på tlf 415 36 317 er tilrådd. Vegen dei 56 km (ca 1 time køyring) frå Ortnevik til Oppedal er smal og har fantastisk utsikt over Sognefjorden heile vegen. Du skal no over på nordsida av Sognefjorden til Sande. Dei siste 84 km er nasjonal turistveg som startar med langs Viksdalsvatnet før klatringa startar opp Gularfjellet. Ein stopp ved Likholefossen er nesten obligatorisk der du kan gå over den buldrande fossen. Ein ny stopp ved Utsikten før du skal ned den bratte og svingete vegen til fjorden og vidare langs fjorden til Balestrand.

251 km – opp og ned fjell: utsikt, utsikt, utsikt

55 Balestrand – Dragsvik – ferje til Vangsnes – 13-Vinje – E16-Stalheim – Stalheimskleiva – Flåm – Aurland – 5627 Aurlandsfjellet – Stegastein – Lærdal – 5-Fodnes – ferje til Mannheller – Sogndal – 55-Hella – ferje til Dragsvik – Balestrand



Merk: Aurlandsfjellet er normalt open for trafikk ca 1/6 – 15/10.

Etter 10 minutt til Dragsvik tek du ferja over Sognefjorden til Vangsnes. Ta gjerne ein tur oppom statuen av Fridtjof den frøkne på Vangsnes. Statuen er 10,5 meter høg og står på ein 12 meter høg sokkel. Statuen var ei gáve frå Keiser Wilhelm i 1913 som var fast gjest i Balestrand i mange år. Så er det tid for å klatre opp Vikafjellet. Ein stopp i «Storesvingen» gir praktfull utsikt over Vik og Sognefjorden. Like før tunnelen på toppen stoppar du for å nyte utsikten. På Vinje tek du til venstre i rundkjøringa. Hugs å köyre oppom Stalheim og stoppe på Stalheim Hotel. Her har du fantastisk utsikt over Nærøydalen! No skal du ned den 1,6 km lange Stalheimskleivi med 14 hårnålssvingar og ein stigning på 18%! Heilt fram til 1980 var dette einaste vegen opp til Stalheim. Kan anbefale ein stopp i Flåm før du startar den bratte og svingete klatringa opp Aurlandsfjellet som er nasjonal turistveg. Ein naturleg stopp er Stegasteinen med den mest fantastiske utsikten! Høgaste punkt med fantastisk

KVIKNES HOTEL

DAGSTURAR MED BIL ELLER MC

utsikt over Jotunheimen er 1306 m.o.h. Klatringa ned til Lærdal er øg smal, bratt og svingete. På Fodnes er det ferje over til Mannheller. Turen fortset til Sogndal og langs Sognefjorden til Balestrand.

Kviknes Hotel, Kviknevegen 8, NO-6899 Balestrand, Postboks 24, NO-6898 Balestrand, Tel. +47 57 69 42 00, Fax. +47 57 69 42 01,
Email: booking@kviknes.no,

Org nr. NO976377370MVA, Bankgiro: 3720.12.36879, IBAN NO: NO94 3720 1236 879, SWIFT: SPAVNOBB, invoice@kviknes.no

▲




KVIKNES HOTEL

DAGSTURAR MED BIL ELLER MC

231 km – fjord og fjell med Jølster og Fjærland

55 Balestrand – Dragsvik – 613-Gaularfjellet – Rørvikfjellet – Moskog – E39-Skei i Jølster – Vassenden – 451-Sørsida av Jølstravatnet – Kjøsnes – 5-Fjærland – Sogndal – 55-Hella – ferje til Dragsvik – Balestrand



Dei første 92 km er nasjonal turistveg. Du startar turen med å køre rundt Esefjorden med høge fjell tett på. Etter ein halv time startar klatringa opp Gaularfjellet til Utsikten på toppen der du sjølv sagt må stoppe. Eit kvarter seinare stoppar du ved Likholefossen der du kan gå over den buldrande fossen. Meir spektakulær natur ned Gaularfjellet til Viksdalen før du skal over Rørvikfjellet med fantastisk utsikt over Haukedalen. Ned igjen frå Rørvikfjellet langs Holsavatnet. Vil anbefale sørsida av Jølstravatnet. Kanskje ein stopp ved Astrupunet? Og i Fjærland kan ein stopp ved Bøyabreen rett etter tunnelen og eit besøk ved Bremuseet og ein tur nedom Fjærland sentrum være å anbefale. Opp frå Fjærland: ta ein stopp ved rastepllassen Berge med fantastisk utsikt over Fjærland og Fjærlandsfjorden før du fortset gjennom Sogndalsdalen til Sogndal og langs Sognefjorden til Balestrand.

KVIKNES HOTEL

DAGSTURAR MED BIL ELLER MC

252 km – fjord og fjell med stavkirke fra 1140

55 Balestrand – Dragsvik – ferje til Hella – Sogndal – Solvorn – ferje til Ornes – 331-Solvorn – Turtagrø – Tindevegen – 53 Øvre Årdal – Fodnes – 5 ferje til Mannheller – Sogndal – 55-Hella – ferje til Dragsvik – Balestrand

- Vil anbefale turen via Ornes!



Du startar turen med å køyre rundt Esefjorden med høge fjell tett på før du tek ferja over fjorden til Dragsvik og vidare langs Sognefjorden til Sogndal og ned til idylliske Solvorn der du tek ferja over til Ornes. Dette er ei lita ferje med få avgangar. Så lurt å bestille plass på tlf. 992 78 837 eller booking@lustrabaatane.no. Hugs å køyre oppom Urnes stavkirke datert til rundt 1140. Ta gjerne ein stopp ved den 218 meter høge Feigefossen. Frå Skjolden til Turtragrø (900 m.o.h.) kører du Sognefjellsvegen som er nasjonal turistveg. Ta gjerne ein stopp på Turtragrø. Den 32 km lange Tindevegen frå Turtragrø til Årdal er ei fantastisk oppleving. Du kjem til å stoppe fleire gongar for å nyte utsikten! Ned til Øvre Årdal er det bratt, svingete og smalt! Så er det langs fjorden til Fodnes med ferje til Mannheller. Turen fortset til Sogndal og langs Sognefjorden til Balestrand.

282 km – til kysten med fjord og fjell

55 Balestrand – Vadheim – E39 Lavik – 607-Leirvik – Hellevik – Flekke – 57-Dale – Osen bru – 610-Dale – Sande – Viksdalen – 613-Gaularfjellet - Balestrand



Du kører langs Sognefjorden til Lavik og vidare på smale vegar til Leirvik og vidare til Salbu (like før Sørbøvågen) vidare «gjennom skogen» til Hellevik. Her er det òg smale vegar! Kanskje ein stopp i

KVIKNES HOTEL

DAGSTURAR MED BIL ELLER MC

Dale? Kanskje ein svipttur over den spektakulære Dalsfjordbrua? Før turen fortset til Sande. Dei siste 84 km er nasjonal turistveg som startar med langs Viksdalsvatnet før klatringa startar opp Gularfjellet. Ein stopp ved Likholefossen er nesten obligatorisk der du kan gå over den buldrande fossen. Ein ny stopp ved Utsikten før du skal ned den bratte og svingete ned til fjorden og vidare langs fjorden til Balestrand.

ELLER:

281 km – til kysten – ikkje fjell

55 Balestrand – Vadheim – E39 Lavik – 607-Leirvik – Hjellevik – Flekke – 57-Dale – Osen bru – 610-Dale – Sande – E39-Vadheim – 55-Balestrand




Du kører langs Sognefjorden til Lavik og vidare på smale vegar til Leirvik og vidare til Salbu (like før Sørbøvågen) vidare «gjennom skogen» til Hellevik. Her er det òg smale vegar! Kanskje ein stopp i Dale? Kanskje ein svipttur over den spektakulære Dalsfjordbrua? Før turen fortset til Sande. Gjennom Ytredalen til Vadheim har du høge fjell på begge sider. Frå Vadheim til Balestrand kører du langs Sognefjorden. Kan anbefale ein stopp i industribyen Høyanger.

323 km – fjord og fjell med Voss og Mo

55 Balestrand – Dragsvik – ferje til Vangsnes – 13-Vinje – 13/E39-Voss – E39-Dale – 569-Romarheim – E39-Oppedal – ferje til Lavik – E39-Vadheim – 55-Balestrand.

KVIKNES HOTEL

DAGSTURAR MED BIL ELLER MC



Etter 10 minutt til Dragsvik tek du ferja over Sognefjorden til Vangsnes. Ta gjerne ein tur oppom statuen av Fridtjof den frøkne på Vangsnes. Statuen er 10,5 meter høg og står på ein 12 meter høg sokkel. Statuen var ei gave frå Keiser Wilhelm i 1913 som var fast gjest i Balestrand i mange år. Så er det tid for å klatre opp Vikafjellet. Ein stopp i «Storesvingen» gir praktfull utsikt over Vik og Sognefjorden. Like før tunnelen på toppen stoppar du for å nyte utsikten. Ta gjerne ein stopp i den koselege tettstaden Voss før turen fortset nesten til Dale der du tek av til Romarheim via Mo. Mykje av denne strekninga går på smale vegar gjennom flott fjord landskap. Du kjem så inn på E39. Så er det ferje over på nordsida av Sognefjorden og du kører langs fjorden tilbake til Balestrand. Kan anbefale ein stopp i industribyen Høyanger.